Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Heskestad

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året | Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom | Gard:

(adresse): Heskestad | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

~~1.~~ Namn.

1. Namnet ein brukar her er bål.

2. Ja, jonsokkbål, Olsokk bål, leirbål.

~~3.~~ Ingen skilnad i namnet. Stort eller lite bål

~~5.~~ Tida.

4. Nei det gjer dei ikkje, men det går segn om at det vart brent bål jol mot udyr.

5 Det er fortalt at det vart bunde tyrestikker til lange stenger og med eld i stikkene sprang dei rundt huset til vern mot udyr.

6. Ingen hugsar noko om bål påske~~dagen~~ helga.

7. Ein veit ikkje noko om det, men det er dei som meiner at det har vorte gjort tidlegare når dei gjekk for å sjå sola dansa

8. Jonsokkkvelden og Olsokk

9. Det har vorte brent bål på Kulega for å skrema bort udyr.

10. Det er dei som seier at dei brent bål med stor røyk, og så dreiv dei krøtera gjennom røyken for at dei skulle lukte røyk som udyra ikkje lika.

11. Dyrebål brende dei om dagen. Jonsokkbål vart tent på ofta bort mot midnatt.

12. Ja, omkring midnatt.

15256

13. Det brann gjerne ein til to timar

## Staden.

14. Ja. det var på visse högder slik at bålet vart sett av flest mange.
15. Desse båla vart brende på dei visse stadene.
16. Nei det var ikkje ålmennt.
17. Ja. Sjå 9.

## Dei som steller med bålet og tenner det.

18. Som regel er det ungdomen som steller med bålbrenning, men eldre kan og vera med.
19. Ja, dei var med og er sakte velkomne.
20. Ikkje dei vanlege bål. men borna kan ha sine småbål.
21. Ungdomslag og andre lag har dei sidste åra vore med på bålbrenning.
22. Nei. det er ikkje kjent her.

## Korleis dei bygde bålet.

23. Det er ingen serleg måte å laga bålet på. Brennefang vart samla i störst mengde og gjerne bygt så högt som råd, som ei kegle.
24. Tjøretünner, gamle bålar, gamle materialer og ymse lauvtreslag.
25. Nei det har ein ikkje sett vorte gjort.

## Korleis dei fekk bål-vyrke.

26. Nei. kjøp av bål-vyrke var det ikkje tale om.
27. Det vart som ein dugnad å samla vyrket.
28. Det var ikkje steling av vyrke. men dei fekk lov å ta ymse slag av tre.
29. Kjenner ikkje til noko namn på dette.
30. Det har halde seg til no.

15256

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Korleis bålet skulle vera.

31. Båla kunne vera ulike i storleik og på skap, men stor var ikkje skilnaden. Ein kjenner ikkje til at Olsokk-båla er vortne mindre i dei seinare åra.

32. Det var gjerne så at det var gjævt å ha største bålet og på högste staden.

33. Ja, ein ville at flammen skulle stiga högt

34. Dersom dei ville bålet skulle röyka mest mogeleg, samla dei eine og våt mose og la på.

35. Det var dei som syntes det var fint med stråler av greistar, og det fekk ein ved å leggja greiner av nåletre på elden.

## Kva bålet skulle tena til.

36. Sjå 4.

37. " 10.

38. Nei ein kjenner ikkje til det.

39. " " " " " "

## Sjölve festen ved bålet.

40. Jonsokkfest. Olsokkfest.

41. Unge og gamle var med på festen.

42. Nei, men bortover midnatt, og så kunne det vera dei som slo fylgje lenger utover natta.

43. Mat kunne dei ha med, og i eldre tider – men ikkje no – var det dei som hadde brennvin med.

44. Dansen gjekk for seg etterpå, men det er det slutt med.

45. Ja, det prövde dei med, og så kunne det henda at dei hamna midt i eldmörja.

46. Ja, det gjorde dei.

47. Nei veit ikkje noko om det.

48. Veit ikkje om noko utan om det som er sagt framanfor.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Skikken idag.

49. Noko sers oppgåve har ikkje bålbrenninga. Det er gamal tradisjon som vert halden ved lag.

50. Skikken har halde seg omlag lik i manns minne, korkje auka eller minka.

51. Sjå 50.

Skal her nemna eit par bål som vert brent vår eller sumar. Det er Reinebål som skal halda hela borte frå ein åker. Så er det bål som vert brende attmed ein åker i frostskodde-kveldar for å hindra at potetkålet frys.

Heskestad 10/3-1960
B. Flom

15256
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING